

	Søklar	Omtale av søknaden	Samla kostnad NOK	Søknadssum NOK	Framlegg tildeling NOK	Tiltaks-kategori	Grunngjeving
1	Baroniet	Båt- og vognhuset: ombygging av lokala og istandsetting av venjebåtane. Teknisk oppgradering med sprinkling, el-anlegg og tilknytning til alarmstasjon. Isolering av bygningen, samt fast dekke på golvet.	2 850 125	350 000	150 000	A	Tiltaket vil bidra til å sikre den verdifulle venjebåtsamlinga, samt gjere den betre tilgjengeleg for framtida. Tiltaket har eit godt fagleg dokumentert grunnlag og ein realistisk finansierings- og gjennomføringsplan.
2	Sunnhordland Museum	Ådlandsstova (freda): Fjerning av sopp på golvet, stoppe lekkasje i taket, skifte roteskadde bordgangar.	626 000	626 000	0	A	Tiltaket vert vurdert som eit nødvendig restaureringstiltak for å sikre bygningen mot forfall. Då bygningen er ein freda profan mellomalderbygning, kan søknaden vurderast for tildeling over post 73 i statsbudsjettet. Søknaden vert difor føreslege overført til denne tilskotsordninga. Fordeling av midlar over post 73 vil bli lagt fram for handsaming i hovudutvalet i mars 2021.
3	Kraftmuseet	Boliden-arkivet. Registrere, reingjere og magasinere arkivet, samt gjere det søkbart.	2 850 000 (totalt over 3 år)	250 000	100 000		Tiltaket vil bidra til å sikre viktig arkivdokumentasjon knytt til industrihistoria i fylket. Arbeidet med Boliden-arkivet er eit treårig prosjekt, og har fått støtte over Museumsløftmidlane i to år. Midlar frå årets museumsløftordning vil bidra til at prosjektet kan ferdigstillast i 2021.
4	Nynorsk kultursentrum.	Kartlegging, bruk og formidling av Økland-samlingane og Økland-tunet. Samarbeidsprosjekt med Sunnhordland Museum og Nasjonalbiblioteket.	1 090 000 (totalt over 2 år)	500 000	100 000	B	Både samlinga og sjølve tunet har stor kulturhistorisk verdi, då særskilt i form av å representere den nynorske skriftkulturen. Tiltaket er med å løfte nynorsken gjennom eit konkret samarbeidsprosjekt. Tiltaket har eit solid grunnlag i forprosjektet som fekk museumsløftmidlar i 2017, samt intensjonsavtaler om forskning, formidling og forvaltning av tunet.
5	Museumssenteret i Hordaland	Istandsetjing av naust på Lygra. Behov for å leige inn handverkar med erfaring og kompetanse på tradisjonshandverk.	290 000	195 985	100 000	A	Istandsetjingstiltak som vil sikre bygningen mot framtidig forfall. Tiltaket bidreg med viktig kunnskapsoverføring i tradisjonshandverk.
6	Museumssenteret i Hordaland	Revisjon av samlingsplan med innlemming av MiSF, samla blick på magasinsituasjonen og samla oversikt over tilboda frå Bevaringstenestene	700 000	400 000	0	B	I fylkeskommunen sitt budsjettframlegg for 2021 er det for Museumssenteret i Hordaland føreslege ei auke i driftstilskot på om lag 1 mill. Gjennom dette vil Bevaringstenestene kunne styrke sitt tilbod og utvide dette til også å omfatte Musea i Sogn og Fjordane. Søknaden om revisjon av samlingsplan vert vurdert å kunne løysast gjennom den føreslegen auken i driftstilskot.
7	Museumssenteret i Hordaland	Etablere ambulerande dokumentasjonsteam (to registratorar og ein konservator frå Bevaringstenestene) Målsetjinga med prosjektet er at ein større del av samlingane ved musea i Vestland vert dokumentert og klar for utstilling eller magasin, samt hauste erfaringar med denne måten å organisere arbeidet på. Er tenkt som eit treårig prosjekt.	2 500 000	1 500 000	300 000	B	Tiltaket vil bidra til å aktivisere dei ein-skilde musea i deira arbeid med systematisk dokumentasjon av samlingane. Positivt at dette kan organiserast som eit fellesprosjekt der eit eige fagteam bidreg med kompetanse på tvers av musea. Musea i Rogaland har god erfaring frå tilsvarande prosjekt og har etablert det ambulerande teamet som ei permanent ordning.
8	Museum Vest	Restaurering/tak-	503 000	503 000	200 000	A	Saltebua har gjennomgått omfattande

		reperasjon av Saltebua ved Kystmuseet i Øygarden					restaurering dei seinare åra. Det er no problem med lekkasjar i taket. Takreperasjonen vil sikre bygget for framtida.
9	Musea i Sogn og Fjordane	Utarbeide handlingsplan for prioritering av istandsettingsarbeid på bygningsssamlinga (153 bygg fordelt på dei tre folkemusea samt Kystmuseet) ut frå relevans for museet, kulturhistorisk verdi og ressursbehov. Tilstandsrapportar ligg allereie føre.	420 000	170 000	100 000	A	Tiltaket vil bidra til systematisk arbeid med museet sine prioriteringar innfor bygningsvernet og sikre at vurderingar vert gjort på tvers av museumsanlegga. Arbeidet vil danne grunnlag for vidare bygningsforvaltning og gje forslag til mogleg avhending av ein skilde bygg. Tiltaket har ein tverrfagleg tilnærming og stor grad av eigeninnsats.
10	Museum Vest	Kartlegging og utvikling av musea i Vestland sine båtsamlingar. Samarbeidsprosjekt mellom Museum Vest, Hardanger og Voss museum og Musea i Sogn og Fjordane.	400 000	300 000	100 000	B	Tiltaket vil stimulere til samarbeid om båtsamlingane ved musea i Vestland. Kartlegginga vil kunne danne grunnlag for å diskutere tematisk ansvarsdeling mellom musea og korleis samlingane kan utviklast.
11	KODE	Lysøen: Antikvariske og kulturhistoriske bygningsanalysar som grunnlag for istandsetting	500 000	500 000	100 000	A	Tiltaket inngår som del av ein større rehabilitering av Lysøen. Det vert vurdert som tenleg å innhente gode antikvariske og kulturhistoriske bygningsanalysar som kan sikre at det føreståande arbeidet vert utført på ein fagleg forsvarleg måte.
12	Hardanger og Voss Museum	Nevertekking på Tronesstova	260 000	150 000	83 000	A	Museet har i alt 14 stover som har never som tekke-materiale. Materialutgiftene er høge. Tiltaket vil bidra til å sikre ei antikvarisk istandsetting og eit godt vedlikehald av røykstova. Det inngår stor eigeninnsats i prosjektet.
13	Bymuseet i Bergen	Oppgradering av Jacob R. Olsens Barneheim, Nyhavnsveien 4. Delfinansiering av ny ventilasjonsløyseing og nye vinduer og dører	3 411 465 (totalt over 3 år)	1 000 000	300 000	A	Bygget vert nytta som magasin og kontor for Bymuseet, samt barnehage. Det er behov for omfattande oppgradering av bygget. Tiltaket er positivt i forhold til å sikre framtidig aktiv bruk av eit kulturhistorisk verneverdig bygg i museets eige.
			<b>16 400 590</b>	<b>6 444 985</b>	<b>1 633 000</b>		